


KONGSGARDEN PÅ FITJAR

- EIN VISJON



Skisse: Sivilarkitekt Eilif Bjørge

MAI 2014

INNLEIING

Dette litle dokumentet ber fram ein visjon,- ein idè -om å få synleggjera Fitjar si rike historie og gjennom denne styrkja vår identitet.

Me vil gi den rike historia vår større og tydelegare plass i vår tid, og det vil me gjera ved å laga ein arena som hentar inspirasjon frå -den gamle steinkyrkja og kongsgarden.

Denne arenaen skal ein nytta til historie formidling og til opplevingar av ymse slag.

Visjonsdokumentet viser eit ganske konkret framlegg der forma på den gamle steinkyrkja inngår som ein del av eit anlegg bygd i moderne stil. Bygningsmassen omsluttar eit utandørs amfi.

Me vonar desse ideane vil inspirera til debatt og vidare utvikling og betring av prosjektet.



*Perler fra yngre jernalder, Rimbareid (B4750)
foto: ©Universitetsmuseet i Bergen*

HISTORISK BAKGRUNN

Fitjar har ei rik historie. Dei eldste spora etter menneskeaktivitet kan vera frå tidleg steinalder, om lag 8 000 år f.Kr. Dei eldste funna skal vera steinøkser og andre ”steinsaker” på Vestbøstad og på søre Vik.

Ei rad andre funn frå den lange steinalderen, bronsealderen og jernalderen gjev oss glimt av det livet forfedrane våre har levd her.

Mest kjende er kanskje bronseøkse frå Kloster og sverdet frå Rimsvarden, men mange andre funn er omtalte i bygdebøkene og i andre kjelder. I tillegg kjem ei mengd funn og registreringar som ”berre” er omtala i arkeologiske fagskrift.

Felles for alle desse funna er at dei færraste fitjarbuarar har sett desse originalgjenstandane. Eit fåtal gjenstandar kan ein med møyse finna og sjå på Historisk museum i Bergen. Resten, - sannsynlegvis ca. 95 prosent av alle innleverte gjenstandar, ligg i passive og vanskeleg tilgjengelege arkiv, hovudsakleg i Bergen. Som ein illustrasjon viser me i dette dokumentet ein del bilde av gjenstandar frå ulike tidsepokar. Tilsette ved Universitetsmuseet i Bergen har hjelpt til med å skaffa desse bileta.

Interessa for å ta vare på kulturminne vaks fram i kjølvatnet av den nasjonale gjenreisninga etter 1814, først som frivillig arbeid og seinare i regi

av offentlege institusjonar. Den første særlova kom i 1905. Dagens lovgjeving er omfattande og streng, ho påbyr vern og sikring av kulturminne, og den set rammer for arealbruk og utbygging. Det underliggjande føremålet med denne lovgjevinga er å samla og verna materiale som kan gje oss djupare innsikt i historia vår, -vårt opphav og den utviklinga som munnar ut i vår tid. -Vår identitet.

Eldgamle gjenstandar åleine fortel knappe historier, men når arkeologane set funna inn i større samanhengar med andre funn, tidsdateringar med meir, opnar historia seg og me får breidde og innsikt.

Det er på denne bakgrunnen me meiner at det rike forhistoriske materialet frå Fitjar bør gjerast synleg og tilgjengeleg.

Me anar ein samanheng mellom dei mange fornminnefunna herifrå og den historia som vert teikna i dei fyrste skriftlege kjeldene frå historisk tid, først og fremst dei få glimta vi kan sjå i Håvamål og Landnåmsboka.



“B 13857 Tverregget, spissnakket trinnøks av grønnstein, hugget og slipt. Store hoggearr står igjen på hele kroppen. Skadet i eggen, som har vært svakt utbuet, med avrundete egghjørner. St. l. 14,5 cm, st. br. 4,2 cm, st. t. 3,7 cm. Funnet ved grøftegravning i Øskjenesvika (Kroko) på gården Vespestad, gnr. 61, bnr. 66, Fitjar, Hordaland. Gave fra Knut Helland.”

foto: ©Universitetsmuseet i Bergen



“Prikkhugget trindøks av mørkegrå bergart, Gjessing: Rogalands Stenalder, fig. 70, smukt og regelmessig formet. Ganske velslipt ved eggen som har ubetydelige merker av bruk. Lengde 12,4 cm. - Øksen er funnet på g.nr. 18, Iversøen., Fitjar s. og pgd., Hordaland, og er gave fra navigasjonslærer Iversøy, Fitjar(B8047).”

foto: ©Universitetsmuseet i Bergen

Kunsten å forma steinmateriale og bein til reiskapar, laga kar av keramikk, dyrka korn, støypa bronse, smelta og smi jarnreiskapar vart utvikla i andre kulturar, men mange fornminnefunn vitnar om at fitjarbuane alt tidleg hadde kontakt med andre miljø og kulturar og let desse ”nyvinningane” få innpass og påverka dagleglivet.

Kontakten med utanverda kjem endå tydelegare fram i dei historiske kjeldene som fortel om vikingtida, dei første norske kongane, samlinga av heile landet under ei leing, overgangen frå heidendom til kristendom og etter kvart bygging av samfunnsordningar for forsvar, lov og dom. Me endar opp med ein samfunnsskipnad tufta på kristen moral og etikk, med klare spor frå norrøn tid og impulsar frå andre land og kulturar.

Me har hatt kontaktar til folka elles i Skandinavia, på dei Britiske øyane, landa sørover i Europa, også austover i Svartehavsbasenget og områda sør i Middelhavet. Mykje av den sikre kunnskapen me har om dette, er nedteikna av vårt broderfolk på Island, -landet som mange strie menn vart forviste til i den tida kampane stod om den norske kongsmaka.

Det er soga om Håkon den gode, far hans Harald

Hårfagre, og ikkje minst desse sitt møte med hovdinge-ætta på Fitjar som fører Fitjar inn i den tidlege delen av soga om nasjonen Noreg.

Ein kan kanskje seia at “Fitjung-sonum” (Fitjar-sonene) satsa på feil hest i slaget ved Harfsfjord og kom med på den tapande sida. Harald Hårfagre var den store vinnaren. Han tok odels- og ættegarden frå Fitjar-ætta, gjorde den til kongsgard og forviste den gamle hovdinge-ætta til Island.

Skriftlege kjelder fortel oss om Harald Hårfagre og den første samlinga av Noreg under ei kongemakt og om at han hadde kongsgard her på Fitjar. Dei fortel vidare om sonen Håkon den gode som vart sendt til England og fekk oppfostring og opplæring hos kong Adalstein. Håkon tok med seg tilbake Noreg den då rådande kunnskapen om samfunnsstyring, og ikkje minst tok han med seg kristendommen som tru og verdigrunnlag. Slik sådde han i Noreg dei første spirene til den samfunnsordninga og det verdigrunnlaget me kjenner frå samfunnet i dag,- meir enn 1000 år seinare.

Og det var her på Fitjar Håkon hadde ein av kongsgardane sine, og det var her han fekk banesåret i kampen mot Eirikssonene.

Håkon møtte motbør i sin iver etter å innføra kristen sæd og skikk i Noreg. Både her på Fitjar

og i bygdelaga rundt var tilhøvet til Tor og Odin rotfesta, og få ville byta blotstaden med kyrkja. Men ein meiner Håkon fekk bygd eit gudshus her og at dette var forløparen til steinkyrkja som me veit stod her fram til 1860-talet. I 1867 fekk bygda nytt kyrkjebygg, og det er denne kyrkja som framleis er i bruk. Dei fleste spor etter den gamle steinkyrkja er sletta no, men noko av det gamle inventaret vart teke vare på og er i dag plassert i den nye kyrkja. Me har mykje kunnskap om bygget og inventaret sidan fagfolk gjennomførte oppmålingar og lagde skriftleg dokumentasjon på bygget før det vart rive.

Her kan me lesa at den nye kyrkja har grunnmur av stein frå gamlekyrkja. Også kyrkjeklokka vart flytta til den nye kyrkja som vart utstyrt med ei ny klokke i tillegg. – Inntil ca 1980 - for berre ca 30 år sidan bar kvart andre klokkeslag me høyrde, fram ein tone som i uminnelege tider har prega bygda vår i sorg og i glede. Den urgamle kyrkjeklokka måtte vika for ny teknologi og krav om forenklingar. Men, middelalderklokka heng der, og ho kan sikkert ta ei vakt til i Fitjarbygda?

Denne rike historia, som når heilt fram til vår tid, har etter vårt syn fått for liten plass i bygda, og det er med dette utgangspunktet me dristar oss til å fremja ein visjon.

VISJONEN

Me vil gi den rike historia vår større og tydelegare plass i vår tid, og det vil me gjera ved å laga ein arena som hentar inspirasjon frå -den gamle steinkyrkja og kongsgarden.

Me vil gjenreisa,- eller rettare sagt byggja på nytt, eit lite anlegg som vitnar om den gamle steinkyrkja og kongsgarden på Fitjar. Dette anlegget skal vera eit sete for lokal historieformidling, for identitetsbygging og for vidareutvikling av vidsyn til å ta imot inspirasjon og impulsar frå andre miljø og kulturar.

Anlegget bør vera retta mot lokalbefolkninga og folk med tilknytning til og interesse for Fitjar, men også i nokon grad mot reiselivet, -og kanskje bli ein viktig stopp på ei pilgrimsreise langs kysten.

Identitetsbygging bør vera ein raud tråd både når det gjeld bygningar, funksjonar og aktivitetar.

Eit senter for lokal historieformidling på Fitjar vil føya seg inn i rekka av viktige historiske stader langs vestlandskysten: Avaldsnes, Halsnøy, Moster, Fitjar, Tysnes, Bergen.

NÆRARE OM FORMIDLINGSSENTERET KONGSGARDEN PÅ FITJAR

Rundt 1830 fekk samfunnsbyggjaren og historikaren Jakob Aall laga illustrasjonar til Snorreomsetjinga som han gav ut i 1838-39. Her ser me korleis kunstnaren Johannes Flintoe tenkte seg Fitjarbygda med kongsgarden og den gamle steinkyrkja. Me ser kongsgarden med utsyn mot dei to skipsleiene som fører inn til Fitjar og til utsiktspunkt på Rimsvarden og Storhaugen, og me ser den vakre steinkyrkja sentralt plassert i bygda.

Bilete og bilettekst er henta frå boka *Jacob Aall – i sin tid*; Arild Stubhaug 2014.

På mange måtar har dette kjende biletet vore ei inspirasjonskjelde for vår tenkning.

Opphavleg såg me for oss eit lite tun med eit langhus som hovudbygg og steinkyrkja nært ved. Etter kvart har me kome til at Kongsgarden-anlegget bør formast meir presist inn mot dei funksjonane det skal fylla.

Det anlegget me presenterer i dette visjonsdokumentet, tek utgangspunkt i forma på den gamle steinkyrkja slik me veit ho såg ut. Men me trur ikkje det vil vera rett å laga ein kopi basert på den byggjeteknikken og dei byggjematerialane ein hadde for 1000 år sidan. Ved å gjera seg nytte av den lærdomen og den utviklinga me har fått i denne tidsbolken, kan me gjenskapa bygget si form og gje det kvalitetar som elles vanskeleg kan oppnåast. Ei slik tilnærming forsvarar også å integrera bygget i den resterande delen av formidlingsanlegget.

Sivilarkitekt Eilif Bjørge har med dette utgangspunktet laga ei skisse for Kongsgarden basert på plassering på Tronshaug-eigedommen langs vegen som går forbi gamlehuset på Trondshaugen og oppover mot Håkonarbrønnen. Her vil den nye Kongsgarden liggja vakkert til, nært eller i det området den opprinnelege kongsgarden låg. Men steinkyrkja låg ikkje her. Ein meiner ho låg innafor det me i dag kallar den gamle kyrkjegardsmuren, -sannsynlegvis nord for nye-kyrkja, oppom kyrkjegardsporten.

Steinkyrkja vil liggja så langt frå eksisterande kyrkje at ho ikkje vil forstyrre opplevinga av denne, samtidig vil det vera gangavstand til parkeringsplassen for bedehuset/kyrkja (og ved



Jacob Aalls Snorre-utgave var utstyrt med 15 ståltrykk, produsert i Hamburg etter tegninger som Flintoe hadde laget av historiske steder nevnt hos Snorre. Her Fitjar, der Håkon den gode fikk banesår.

Kopi frå Arild Stubhaug: Jacob Aall - i sin tid

kommunehuset), -og om ein får laga gangveg ned mot kulturhuset, vert avstanden dit også kort.

Me ser for oss at Kongsgarden bør innrettast som eit formidlingssenter der ein har fast utstilling som fortel Fitjar si historie. Det må vera eit klårt mål å få heim fornminne som ligg lagra i arkiva i Bergen. Planlegging og utføring må sjølvstendig gjerast av fagfolk på området.

Vidare ser me for oss at formidlingssenteret kan gje plass til mindre, ambulerande utstillingar, til arrangement av ulike slag, og ikkje minst til opplæring/undervisning.

Endeleg nemner me at ein bør tilretteleggja for ute-framføring av Håkonarspelet og andre spel/ arrangement som høver inn i dette miljøet.

Også Håkonarbrønnen bør ein integrera i opplegget.

Me ser ikkje for oss at dette skal vera eit ”vikingsenter”. Men kongsgarden si viktige rolle for fitjarsamfunnet i vikingtida, må få sin naturlege plass.

Det var i brytningstida mellom heidendom og kristendom at Fitjar hadde si viktigaste rolle. Steinkyrkja vert såleis eit viktig symbol for den

tidsbolken og for resultatet av den prosessen som Håkon den gode starta.

Steinkyrkja må ikkje koma i konkurranse med noverande kyrkje, korkje om økonomiske midlar eller fokus. Ein bør ikkje leggja opp til at bygget vert vigsla. På denne måten vil ein også stå friare både i høve til organisering og bruk. Steinkyrkja kan nyttast til intimkonsertar og samlingar for mindre grupper, utstillingar m.v.

Ein bør også vurderer om ein bør visa litt av Fitjar si naturhistorie (geologi, botanikk og zoologi) i formidlingssenteret.


Det er samstundes svært viktig at anlegget vert utforma så fleksibelt at det også kan nyttast som galleri for skiftande utstillingar, og såleis også verta ein arena for å visa samtidskunst.




Fitjarbygda september 2013. Utsnitt. Flyfoto: Kari Kjode / Eilif Bjørge



Skisse: Sivilarkitekt Eilif Bjørge



Skisse: Sivilarkitekt Eilif Bjørge



Skisse: Sivilarkitekt Eilif Bjørge

ANDRE HISTORISKE OPPLEVINGSPUNKT

Me har som me veit, mykje anna som byggjer opp under Fitjar si søge:

Årskog museum
Osternes festning
Rimsvarden
Håkonarstøtta
Kyrkja og kyrkjegarden
Kolerakyrkjegarden på Vestbøstad
Helleristningane på Vestbøstad
Gravrøyser
Kongsbrønnen
Eit stort tal andre fornminnefunn

Her er knaggar til historieformidling i stort monn. Presentasjonen av desse kan sikkert me fordel systematiserast og knytast opp mot den historieformidlinga som ein legg opp til i historieformidlingssenteret Kongsgarden.



*Våpenfunn fra vikingtid, Vik (B 8555)
foto: ©Universitetsmuseet i Bergen*

ANDRE TEMA

Mange utfordringar vil møta oss. Forutan dei økonomiske kan me nemna formelle spørsmål knytta til gjeldande kommuneplan og reguleringsplan.

Det vanskelege spørsmålet om å nytta dyrka landbruksmark til utbyggingsføremål, grunneigar -og nabospørsmål, tilhøve til fylkeskonservator og dei interesser han skal ivareta, tilhøvet til Bergen museum som i dag har hand om og vernar mykje viktig historisk materiale.

Også kyrkja og biskopen har interesser å ivareta i ei sak som denne.

ALLSIDIG BRUK AV ANLEGGET

Mange vil kanskje stilla spørsmåla: Kva skal me bruka dette anlegget til? Treng me dette? Me i arbeidsgruppa meiner at me både treng eit slikt anlegg og at me vil kunna fylla det med aktivitet.

Me meiner me treng eit anlegg som vil vera eit signalbygg for å markera Fitjarbygda si rike eldre og nyare historie. Dette er eit bygg som skal vera synleg for bygdefolk og reisande anten du kjem til bygda frå nord eller sør. Eit slikt anlegg vil vera viktig både for sjølvkjensle og identitet lokalt, men også for å invitera til refleksjon, nytenking og utvikling. Me treng det vidare for å kunna visa bygda fram for besøkjande på ein synleg, lett tilgjengeleg og profesjonell måte. Me treng det for å formidla lokal historiekunnskap til nye generasjonar og me treng det for å auka breidda i interesse -og aktivitetssområda lokalt.

Kva skal me så bruka dette anlegget til? Her er det berre fantasien som set grenser. Steinkyrkja vil vera bygninga som lyser mot oss. Denne skal ikkje vera ei vigsla kyrkje. Ein kan likevel sjå for seg at kyrkja kan nyttast til spesielle gudstenester, konsertar, små tilstelningar av ulik art, bryllup, utstillingar, foredrag, refleksjonssamlingar og mykje meir. Det skal ikkje vera i konkurranse

med kyrkja eller kulturhus, men eit supplement som kan auka breidda i aktivitet og tilbod.

Me ser vidare for oss eit formidlingscenter med faste eller varierende utstillingar. Bygningane skal her illudera vikinghus på den gamle kongsgarden. Me kan sjå for oss bruk av moderne visningsteknologi med lyd og bilete, eller kulturminne som ein kan sjå og ta på. Her skal me kunna visa fram funn som er gjort på Fitjar og synleggjera bygda si historie og utvikling. Me kan også nytta bygningane som selskapslokale eller til konferansar, visningsrom til bruk av skuleklassar eller andre kan også vera del av dette.

Eit uteamfi vil i tillegg komplettera anlegget. Dette vil inngå i heilskapen på ein naturleg måte og leggja tilhøva til rette for endå større breidde i tilbods og aktivitetsspekteret. Eit amfianlegg med nødvendige fasilitetar vil gjera det lettare for lag og organisasjonar å vidareutvikla aktivitetstilboda lokalt. Samstundes vil ein med større tyngde kunne invitera til samarbeidsprosjekt med kulturarbeidarar utanfrå. Anlegget ligg elles sentralt i bygda med gode parkeringstilhøve i nærleiken. Samla sett vil anlegget stå fram som noko

Fitjarbygda kan vera stolt over og gle seg til å ta i bruk. For reisande og gjester vil anlegget vera eit synleg og spanande innslag og noko som set bygda på kartet på ein sær sars positiv måte.

ORGANISERING OG ØKONOMI

Den visjonen me dristar oss til å setja ord på her, er nok ikkje heilt enkel å gjennomføra.

Me snakkar om mange millionar som må reisast, og me snakkar om mykje arbeid som må gjerast,- og heilt sikkert utfordringar i høve til andre viktige prioriteringar i bygda.

Vår tanke med å fremja denne visjonen no er å innby til debatt og for å sjå om det er interesse for å gå vidare. Debatten vil venteleg gje signal om dette.

I dei dialogane me har hatt i arbeidsgruppa, har me vore innom ein del prinsipp som me trur kan vera viktige å ha med seg vidare:

Dette prosjektet handlar først og fremst om lokal historieformidling, om identitetsbyggjing og opplevingar knytt til dette. Det økonomiske omfanget av prosjektet er så vidt stort og utfordrande at det bør ha eit tungt innslag av lokal dugnad i breid forstand. Sjølv sagt bør ein prøva å få offentlege midlar til prosjektet, men me trur det er klokt å begynna med å testa ut om den lokale interessa er sterk nok.

Ein bør absolutt tenkja fullfinansiering av prosjektet (eventuelt byggjesteg) før ein set

i gong, og anlegget bør overleverast gjeldfritt til dei som skal bruka og driva anlegget. Ein kan sjå mange eksempel på prosjekt med tung lånefinansiering som får altfor krevjande driftsutfordringar. Dette bør ein unngå.



*Skålformet spenne fra vikingtid, Fitjar, (B4231)
foto: ©Universitetsmuseet i Bergen*

VEGEN VIDARE

INNSPEL TIL DEBATT

Inntil no er det ingen som ”eig” dette prosjektet. Dei seks personane i visjonsgruppa har møtt på like fot i ei uformell arbeidsgruppe, og saman har me gitt Visjon Kongsgarden- slik den er framstilt her, eit innhald. Me meiner tida er moden for å drøfta dette prosjektet no. Om 3 år (2017) er det 150 år sidan me tok den nye kyrkja i bruk. Kan me få fram grunnlaget for å ta stode til prosjektet innan den tid? – og kanskje ta det første spadetaket?

Den debatten me vonar på, vil visa om det er grunnlag for å arbeida vidare med prosjektet, og då må ein i tilfelle definera ein prosjekteigar og tenkja ut korleis ein vil organisera styring og arbeid.

Aksjeselskapeforma kan vera eit alternativ her. Då treng ein stiftarar og litt aksjekapital for å koma i gong.

Me trur det er avgjerande at ein heile tida har i mente at eit prosjekt som dette må verta samlande for bygdefolket, og at innretninga vert slik at alle som ynskjer det, kan bidra til eit vellukka resultat; med arbeidstimar, med fagkunnskap av ulike slag både i praktiske og

teoretiske fag, med leveransar som trengs og sjølvsgat med pengebidrag for dei som ynskjer det. Det er summen frå alle slike kjelder som vert eit mål på den lokale dugnadsinnsatsen.

FORPROSJEKT?

Eit forprosjekt vil setja meir konkret ord på innhaldet i formidlingsanlegget, omfang, plassering, bygningsmasse, innpassing i høve til eksisterande bygg og anlegg, prinsippavtale med grunneigar m.v. Og det bør gje grunnlag for ein første kostnadskalkyle.

Her treng ein etter vårt syn ikkje byrja prosessen med økonomiske løyvingar og pengeinnsamlingar. Spør heller om her er ressurspersonar som vil vera med å bidra på dugnadsbasis!

Bør ein gå vidare no og setja i gong eit forprosjekt?

ARBEIDSGRUPPA

Dette visjonsdokumentet er utarbeidd av ei sjølvopnemd arbeidsgruppe:

Bjørn Haaland
Harald Johan Sandvik
Olav Johannes Oma
Jorunn Hernes
Johannes Sandvik
Eilif Bjørge (sivilarkitekt mnal)

14. mai 2014

TILSTILING

Dette visjonsdokumentet (papirutgåve) er sendt til

Fitjar kommune v/ordføraren
Fitjar sokneråd
Fitjar kyrkjelege fellestråd
Stiftinga Håkon den gode
Fitjar Sogelag
Fitjar næringsråd
Rimbareid barne-og ungdomsskule
Øvrebygda skule
Sælevik skule
Fitjar vidaregåande skule
Kulturhuset AS
Fitjar bedehus
Fitjar Kraftlag
Fitjar bondelag
Sunnhordland Folkemuseum avd. Fitjar
Fitjar bygdekvinnelag
Osternes mannskor
Biskopen i Bjørgvin
Prosten i Sunnhordland
Stiftinga Osternes festning
Fitjar Idrettslag
Fitjarposten

Ei lenke til PDF-versjon av visjonsdokumentet er tilgjengeleg på www.fitjarposten.no

KJELDER

Fitjar. Bygdeskipnad og bygdesoga. Jacob Aaland 1933

Fitjar kirke. Hans-Emil Lindèn. http://www.norgeskirker.no/wiki/Fitjar_kirke

Førhistoriske minne i Sunnhordland. Fitjar prestegjeld. Per Fett. Historisk museum 1973

FOTNOTE: HISTORIEBOLKAR

Eldre steinalder	10 000-4 000 f.Kr.	6 000 år
Yngre steinalder	4 000-1 800 f.Kr.	2 200 år
Bronsealderen	1 800- 500 f.Kr.	1 300 år
Jernalderen	500 fkr- 800 e.Kr.	1 300 år
Middelalderen*	800 eKr 1537 e.Kr. (reformasjonen)	737 år
*Vikingtid	793 eKr. -1066 e.Kr. /ev. 800 -1100	ca 300 år